



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for oktober 2017.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang 53



ROTARY:
MAKING A
DIFFERENCE

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Sverre Jarl Ulstein
Visepres: Vegard Gjerde
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Eileen Hareide Brandal
Styremedlem: Bjørn Teigene
Styremedlem: Knut Strømsjordet
Ansv.red.: Vigdis Riise
Referent: Vigdis Riise

Oktobervers

Her hvirvles i de gustne Blade
isønderrevet spredt afsted
det hele skjønnne Digt, den glade
Skjærsommer fantaserte ned.
Det akkurat den Sværmer gik
som mig: han fik, han fik -- Kritik.

Henrik Wergeland

Referat frå Rotarymøte 2. oktober 2017.

Denne dagen hadde vi besøk av vår distriktguvernør Wiktor Sandvold med frue.

Etter at president Sverre hadde ønska medlemmar og gjestar velkomne og vi hadde gjennomført den obligatoriske songen, fekk distriktguvernøren ordet for å holde sin tale til klubben.

Han fortalde først litt om seg sjølv. Han er no pensjonist, men har sin yrkesmessige bakgrunn frå bankyrket der han har vore banksjef i mange år og i ulike bankar då han har vore gjennom mange fusjonar. Som rotarymedlem i Ringeby Rotary klubb har han også lang fartstid, og han har vore innom dei fleste komiteane og dei ulike verva i klubben.

Han hadde i forkant hatt møte med styret og komiteeleiaren i klubben vår, og med bakgrunn i det han fekk vite der, så hadde han eit svært godt inntrykk av at Hareid Rotary Klubb er ein veldreven klubb med god struktur og gode program og prosjekt.

Han fortalde så litt frå guvernørskulen han hadde vore på i USA og dei målsetjingane han hadde for sitt år som guvernør for distriktet vårt. Det han spesielt framheva var medlemsutviklinga i klubbane og bidrag til Rotary Foundation. Den store innsatsen for utrydding av polio som Rotary globalt har jobba med i mange år, ber frukter og er snart i mål. For klubbane i vårt distrikt var han opptatt av å få nye medlemmer slik at medlemstalet kunne oppretthaldast og ikkje minst var han opptatt av å auke innslaget av kvinnelege medlemmar. Viktig for å klare det var trivsel på møta, gode program og gode prosjekt.

Han poengterte også viktigheita av at klubbane jobba målretta med ungdomsutvikling.

Etter talen var det meir kaffe og gode kaker som karmeratskapskomiteen hadde sørja for.

Referat frå Rotarymøte 9. oktober 2017.

President Sverre Jarl opna møte og som vanleg øngste velkomne etter vi song «Kjerringa med staven».

I tillegg til dette vart vi minnte på Rotary sitt motto: «Service above self» og at målet til Rotary er «Å gagne andre».

Programmet denne dagen vart ikke som tidlegare oppsett då det vart for få medlemmer som hadde meldt seg på tusen til Viddal og druedyrking der.

I staden fekk vi ei rundreise på Island der President Sverre Jarl og Vegard Gjerde fortalde og viste bilde frå ein tur dei hadde i mai der dei køyrde rundt heile Island på 10 dagar. Dei var svært heldige med veret og fekk sjå mykje og mange besøk til «kjende» stader som Seydisfjord og stader med rare namn som «Dettifoss» !! Dei hadde også fått med severigheitene i Reykjavik m. Omland inkl bading i varme kjelder.

Ein slik rundtur gjekk fort ved ein slik presentsjon, og kanskje mange vart inspirert til å ta ein slik tur?

Referat frå Rotarymøte 16. oktober 2017.

Presidenten ønskte velkomen til møte og til opning song vi "Tidt eg minnest ein gammal gard". Så fekk Idar Flø ordet og orientere om midlar som Hareid kommune har fått tildelt, og som skal nyttast til vekst og nyskaping i kommunen vår. Han oppmoda medlemmane om å vere merksame på dette dersom dei sat på gode idear eller kjende nokon som gjorde det.

Dagens program var det John Stennes som stod for.

Han viste bilete og film frå ei reise til Armenia som han og Vigdis Riise frå vår klubb og 15 andre frå distriktet vårt hadde vore på i sommar.

Reisa var i samband med eit utviklingsprosjekt som rotary har i Armenia, der Hamar Rotary Vest har prosjektansvaret. Armenia er eit fattig land på ca. 3 mill innbyggjarar. Det er ein republikk med diktatur utan frie val, og dei er sterkt knytte opp mot Russland. Landet vart ramma av eit kraftig jordskjelv i 1988. Mange omkom, og det vart gjort stor skade, noko landet fortsatt ber preg av. Mykje er enno ikkje bygd opp att.

Prosjektet som rotary har der, er eit samfunnsprosjekt som blant anna går på infrastruktur, landbruk, skule og barnehage.

John har vore der fleire gongar, og ein del av det han viste var frå tidlegare besøk i landet.

Det vart til slutt opna for spørsmål frå salen, som bl.a. gjekk på styresystem, ytringsfridom og levestandard, som John og Vigdis svara på utifrå det dei visste og det inntrykk dei sat att med etter besøket i landet.



RReferat frå Rotarymøte 23. oktober 2017.

Presidenten innleia og ønskte velkomen til nytt møte, til opning song vi "Den fyrste song eg høyra fekk".

Dagens program var årsmøte for 2016/17.

Til møteleiar vart presidenten vald, referent sekretæren vår og til å skrive under protokollen John Stennes og Otto Holstad.

Det var ingen kommentar til innkallinga, som vart godkjent utan merknad.

Presidenten for 2016/17 las så opp årsmeldinga for sitt rotaryår. Ei fyldig og god årsmelding som gjenspeila den store og gode aktiviteten som klubben hadde i rotaryåret. Det vart på siste møte i rotaryåret delt ut ein velfortjent Paul Harris til Gunnar Riise, som er den einaste som har vore med i klubben sidan starten i 1965. Årsmeldinga vart einstemmig godkjent, og past president Eileen Hareide Brandal fekk svært gode tilbakemeldingar frå medlemmane for eit godt og innhaldsrikt rotaryår.

Årsmeldinga vert ikkje referert til meir her, då heile meldinga vert lagt inn i arkivet vårt, og kan sjåast der.

Rekneskapen vart så lagt fram og gått gjennom av kasserar Hanne Rognan.

Ho las fyst gjennom revisjonsberetninga som er skriven av vår revisor Egil Utgård, som også gjennom meldinga har godkjent rekneskapen.

Hanne gjekk så gjennom dei ulike postane i rekneskapen.

Rekneskapen totalt sett viser eit overskot på 71.975,- og driftrekneskapen for klubben i rotaryåret eit overskot på kr. 11.028,-.

Det kan nemnast her at vi fekk 42.500,- i gåver til Rotarystien dette Rotaryåret, dei største gåvene var 25.000,- frå Ekornes sin velferdsklubb på Hareid og 10.000,- frå Revmatikarlaget.

Fullstendig rekneskap og revisjonsberetning finn ein også i arkivet /heimesida vår.

Referat frå Rotarymøte 30. oktober 2017.

Dette var siste møte i oktober og dermed programfritt.

Presidenten ynskte velkomen og til opning skulle vi synge dei to fyrste versa av "Tidt eg minnest ein gamal gard", men det vart stopp etter eitt vers, då vi ikkje heilt fann tonen.

Presidenten orienterte så om at neste møte, som var planlagt på Ishavsmuseet Årvak, var avlyst då Ålesund Rotary Klubb Vest, som skulle vere i lag med oss, kun hadde to påmelde til møtet. Programkomiteen fekk i oppdrag å framskaffe eit nytt program til neste møte.

